



friskt

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!



Nr 4 | November 2017 | årg. 2

Kundemagasin

Side 4-5

Smart vatn

- omfattande modernisering

Side 10-11

Ufrivillig kunde

- MÅ eg kjøpe vatn hos BVA?





Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Unngå tett avløp til jul

Me i BVA ønskjer å møta kundane våre og hjelpe dei så godt me kan. Men kva er BVA egentleg?

Jo, me har ansvar for alt knytt til drift, vedlikehald og utbygging av offentlege vass- og avløpsanlegg i Bømlo kommune. Det kan hende du lurar på korleis kvaliteten på vatnet ditt er, om du har nok trykk og nok vatn, eller du lurar på kvar vassleidningane går?

Nokre gongar får me spørsmål som gjeld private stikkleidningar. Her kan det vere få opplysningar i våre register, og fysisk arbeid på private stikkleidningar eller fellesleidningar ligg utanom det me har lov til å utføre.

Av og til er karta våre dessverre ufullstendige med kor nøyaktig leidningar er registrert. Ein av grunnane er at BVA har overtatt mange private vassverk der leidningstrasé ikkje var målt inn. Me prøver likevel å hjelpe så godt som me kan.

Me svarer sjølvstøtt på spørsmål rundt faktura og registrerte opplysningar om den enkelte eigedom. Er det noko me ikkje kan svare på umiddelbart så sjekker me ut og tar kontakt med deg på ny.

Me har fleire hyggelige medarbeidarar som står klar til å hjelpe deg så godt dei kan.

Så er hausten over oss, kveldane er blitt mørkare og julemarsipanen er komen i forretningane. Nokre er allereie godt i gang med planlegging av julebord og julefeiring og me gler oss over denne tida på året. Både julebord og julehelg inneber god mat og godt selskap.

Men så – kva med julefeittet! No tenkjer me ikkje på julefeittet me må bruke heile vinteren og våren for å bli kvitt, nei me tenkjer på kor me gjer av restane i panna!

Mange, ja faktisk veldig mange, kastar det i vasken eller toalettet. I dei aller fleste tilfella går dette godt for ei stund, men i kalde avløpsleidningar stivnar feittet snart og fester seg i avløpsrør og tekniske innstallasjonar. «Eg skyller det ned med varmt vatn», høyrer me. Ja, det forsvinn, men kor langt?

For å redusere faren for tett avløp eller skade på tekniske innstallasjonar så får du i dette nummeret av «FRISK» fleire tips til korleis du kan kvitte deg med julefeittet. Ønskjer alle ei god jul og eit godt nytt år!

Audun Halleraker
Dagleg leiar

«Me har fleire hyggelige medarbeidarar som står klar til å hjelpe deg så godt dei kan.»



Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISK» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsseks AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: Vegard Røslund
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsida: Chris Louis Johnsen er BVA sin første lærling. Han er automatikarlærling og er med på å vedlikehalde Bømlo sitt «smarte vatn».



-Kva kan me hjelpe deg med?

Om du kontaktar BVA er det som regel ein av kundebehandlarane på biletet som svarar i andre enden; Jorunn A. Habbestad, Elise H. Halleraker og Anja B. Hope.

Jorunn fortel «Friskt» at dei har om lag 6.300 kundar, og at det er veldig kjekt når kundane tek kontakt. Kundebehandlarane kan hjelpe med det aller meste som kundane lurar på.

- Dei siste åra har BVA auka fokuset på å informera og byggja kunnskap rundt vass- og avløpsdrifta på Bømlo, fortel ho vidare.

På heimesida, bva.no, finn du nyttig informasjon, slik som driftsmeldingar, siste nytt, kontaktinformasjon, korleis ein kan ordne varsling, «vanleg stilte spørsmål» og mykje meir.

Frå januar 2018 er det Elise H. Halleraker som er i resepsjonen og tek i mot kundane som kjem innom BVA. Ho er nyttilsett sekretær og vil blant anna jobba med kundekontakt. Om det ikkje høver å komma innom, kan ein ringja, senda e-post, bruka kontaktskjema på nettsida eller bruke

Facebook. Elise seier at ho gler seg til å ta fatt på den nye jobben.

Facebook

Facebooksida til BVA heiter «Bømlavatn - BVA» og vart oppretta i januar. Dette for at du som kunde skal få informasjon raskt, at BVA er tilgjengeleg der folk er og at det skal vera lett å kontakte BVA.

- Send gjerne melding på Messenger, så svarar me så snart me kan, seier Anja. Det er ho som er hovudansvarleg for Facebooksida, i tillegg til andre administrative oppgåver. Målet er at det skal vera lett-vint for kundane å få svar på

spørsmåla sine. - Det er framleis mange av våre kundar som ikkje følgjer oss på Facebook, noko Anja oppmodar kundane til å gjera. Då får dei informasjon «rett i lomma» og kan ta kontakt om det skjer noko.

Varsling

- Men det viktigaste er at kundane våre har varsling. Det gjer at du får informasjon som SMS eller talemelding om det er stenging av vatn eller andre hendingar som påverkar kvardagen din. Denne tenesta har dei fleste fått automatisk tilgang til

via systemet til BVA. Nokon får likevel ikkje varsling. Årsaka kan t.d. vera at dei har ein jobbtelefon som er registrert på ei anna adresse enn bustaden, at dei har hennemleg nummer, eller at dei er leigetakarar. Om ein ikkje får varsel rår BVA til at ein går inn og registrerer seg på bva.no/varsling. - Nøt ikkje med å ta kontakt med BVA for å få hjelp til registrering, me kan hjelpa deg, seier Anja.

Mange faktura-spørsmål

Jorunn fortel at dei får ein del spørsmål om faktura, både om tilknytingsgebyr og vanleg gebyr. Ho har hovudansvar for fakturering og svarar gjerne på spørsmål om noko er uklårt. Det kjem meir informasjon om gebyrrekninga lenger bak i bladet, så ta gjerne ein kikk på det før du legg frå deg «Friskt». Vidare fortel Jorunn at dei ønskjer at flest mogleg går over til e-faktura og avtalegiro. Når du betalar i nettbanken kjem det opp avtaleforslag og godtar du det får du rekninga elektronisk neste gong. BVA arbeider for at kundane kan få månadleg faktura, slik at terminbeløpet blir lågare.

Ved akutte tilfelle har BVA eigen døgnbemanna vakttelefon som kan nyttast om det hastar og kontortida er over.





Smart vatn

I 2003 var MMS ei nyvinning og det kosta kr 10 pr. melding. I dag flyg bilda frå smarttelefonane våre kontinuerleg. Også vassforsyninga på Bømlo har vore gjennom store endringar sidan BVA blei oppretta, ja det er nesten så me kan seie at me har fått «smart vatn».

«Friskt» spør Odd Petter Habbestad i BVA om kva som har blitt endra:

- Produktet kundane får er akkurat det same; friskt og reint vatn. Men prosessen som ligg bak er ny. Me har i dag mykje større kontroll på kvar vatnet er, at det er reint heile vegen fram til kunden og me har smartare produksjon som reduserer energibehovet.

Bort med største kunden!

Den største «kunden» BVA hadde tilbake i 2003 var uønska: Lekkasje. Det finst ikkje

heilt sikre målingar, men me trur at om lag 60% av vassproduksjonen den gongen forsvann i lekkasjar.

Det blei sett i gong eit omfattande arbeid med å få ned lekkasjane. Nye målesystem på vassreinseanlegga gjorde målingane meir nøyaktige og ein såg at halvparten av produksjonen gjekk tapt.

Lekkasjesøk

Om natta er det lite forbruk og vassproduksjonen mellom midnatt og klokka 05:00 gir indikator på om det er lekkasje i nettet. Då må BVA ut på lekkasjesøk.

Heile produksjonsnettet vart tidlegare sett under eitt og ein hadde ikkje lokale delmålingar. Om ein begynte i

Urangsvågen å søke etter lekkasje så kunne det henda lekkasjen var på Sønstabø.

- I 2005-2006 begynte me å dele kommunen inn i soner og me såg ganske tydelege resultat. I dag er Bømlo delt opp i 50 ulike soner og me har mykje meir treffsikre lekkasjesøk, seier Odd Petter.

Større forbruk - mindre produksjon

Den omfattande jobben med å få ned lekkasjane i vassnettet har gitt gode resultat. På landsplan reknar ein med ca 33% lekkasjar, og på Bømlo har det gått ned frå ca 50% til 15% på sju år. Produksjonen har gått ned frå 2,5 til 1,8 millionar m³ vatn. Trass i både befolkningsauke og stor auke i vassforbruk i fiskeindustrien er produksjonen gått ned med 700.000.000 liter! Investeringane har altså vore positive både for miljøet, straumforbruket og lommebøkene til bømlingane.



Vatnet skal høgt opp og langt vekk

Medan me snakkar om lommeboka: kva er det som påverkar gebyret? Odd Petter seier både investeringar, men også naturen og befolkninga på Bømlo betyr ein del.

Dei viktigaste vasskjeldene våre, Hollundsvatnet (14 moh), Finnåsvatnet (23 moh), og Kvernavatnet (64moh) ligg lågare enn dei folkerike områda på t.d. Leite (ca 35

Odd Petter Habbestad har full oversikt over den automatiserte produksjonsprosessen på vassreinseanlegget i Åreiddalen.

moh) og Rubbestadneset (50-80 moh).

Det betyr at vatnet må pumpast opp til der folk bur, og det er mykje meir kostbart enn t.d. slik som stordabuen har det. Dei har vasskjelde på Stordfjellet og alt vatnet renn ned til der folk bur, utan særleg bruk av pumper. Dei har eitt reinseanlegg, medan på Bømlo er det tre, og me har også eit omfattande distribusjonsnett.

Færre å dele felleskostnader på

- Me bur der me bur, og kan ikkje gjere så mykje med det. Eg rekna ein gong ut kor mange bømlingar som deler på kvar km utbygd leidning. Snittet i Norge er om lag 100 personar og på Bømlo er me 31 personar pr km leidning. Så det blir færre folk å dele kostnadane på, seier Odd Petter.

Kva kostar det?

For ein vanleg hushaldning på Bømlo kostar vatn under 12 kroner dagen, medan offentleg avløp kostar ca 18 kroner dagen. Det vil seie at for ein heil familie får ein både vatn og avløp for mindre enn prisen på ein bussbillett, ein brus, eit brød, ei avis eller andre ting me «treng» kvar dag.

Bømlo sine «modige val»

- Me har vore ein foregangskommune når det gjeld installasjon av moderne kloakkpumpestasjonar, seier Odd Petter Habbestad.

I 2003 var det 22 kloakkpumpestasjonar på Bømlo, medan det i dag er over førti. Alle er skifta ut eller nye. Tidlegare brukte ein dykkarpumper, med mykje skit, dårleg HMS og mykje lukt. Med dagens pumpestasjonar og reinseanlegg slepp dei tilsette faktisk å vere borti kloakken i det heile.

- Me har rett og slett bygd oss vekk frå å måtte jobbe i kloakken. Me har bytta ut rubbel og bit av pumpestasjonar og har fått mykje igjen for dei valga me har tatt. No har me eit svært moderne anlegg, seier Odd Petter.

Men det var ikkje sjølvstøtt at det skulle gå slik. BVA var ein av få som har satsa på denne typen pumpestasjonar. Dei er dyrare i innkjøp enn «vanlege» system og det mangla ikkje på åtvaringar, både frå leverandørar og elles i bransjen. Med eit sterkt fokus på både kva som er lønsamt over tid og for arbeidsmiljøet til dei tilsette, så valde ein tørroppstilte pumpestasjonar - og har ikkje angra på det!





Kokevarselet i august

I august måtte BVA senda ut kokevarsel fordi rutinemessige prøvar viste bakteriefunn. Me hadde dialog med mange av kundane på Facebook, og her er nokre av dei gode spørsmål som vart stilt.

Det viste seg i ettertid at vatnet frå BVA ikkje var forureina. Det var laboratoriet som hadde forveksla BVA sine prøvar med prøvar frå ei privat kjelde.

Kor ofte tar de prøvar? Og kvifor analyserer de ikkje prøvane på Bømlø? Då hadde mykje tid vore spart!

BVA tar prøvar av vatnet kvar veke, både der me produserer vatnet og ute på leidningsnettet. Prøvane må analyserast av eit uavhengig, godkjent laboratorium. Det er mange forskjellige måleverdiar, ikkje berre bakteriar. Eit slikt laboratorium er det ikkje på Bømlø og prøvane må analyserast og dyrkast i ein inkubator over tid. Sjølv om reisetida hadde vore litt kortare, så tek det uansett over 24 timar å få svar på prøvar.

Naboen fekk tekstmelding frå dåke, men ikkje eg - kvifor?

Me ønskjer å nå flest mogleg i vårt varslingsystem på sms og talemelding. På www.servicevarsling.no kan du klikka på den gule knappen «Sjekk din oppføring».

Kommentarar av den morosame sorten:

«Bør eg koka det vatnet eg allereie har drukke?»

«Hadde vore kjekkare med vatningsforbod...»

Skriv inn mobilnummeret ditt og kommunenamn (Bømlø), og du får ein pinkode på tekstmelding. Når du har ført den inn ser du kva informasjon som er registrert på deg og der kan du eventuelt redigere det.

Er bakteriane i råvatnet eller ute i leidningsnettet? Blir det ikkje strålebehandla på veg ut - skulle ikkje det vere godt nok?

Vatnet blir reinsa gjennom ulike sandlag og det vert UV-behandla før det blir levert til abonnentane. Den første prøven viste bakteriefunn fleire stadar på leidningsnettet, altså etter behandlinga på vassreinsanlegget og dermed måtte me ut med kokevarsel.

Kva sjukdomssymptom gir e.coli?

Det er diaré som går over etter 4-10 dagar.

Gjeld kokevarselet også for Kloven/ Katla/Goddo?

Kloven og Katla har privat vassforsyning og har av den grunn ikkje vore råka av kokevarselet utsendt av BVA.

Det må vel gå an å nærma seg «kjelda» til bakteriane og finna ut kva grender på Bømlø som er råka direkte og kor vatnet elles er bra?

Leidningsnettet er samankopla (med unntak av Langevåg og Espevær) og ved bakteriefunn ein plass kan me ikkje avvise moglegheita for at det er andre stader. For sikkerheits skuld må ein sjå heile leidningsnettet som forureina inntil ein veit meir.

Korleis er det med husdyr? Tåler dei det betre enn oss, eller skal eg koka vatnet eg gjev kattane mine?

E.coli finst naturleg i tarmsystem til både menneske og dyr, men kattar og andre dyr har gjerne ein litt anna bakteriefloara enn oss menneske. Dyr drikk ureinsa vatn når dei er ute i naturen, men om ein vil vera på sikre sida så må ein sjølvsagt gjerne koka vatnet dei får i skåla.

Kva er e.coli?

E.coli er ein samlebetegnelse for ei gruppe bakteriar. Dei er i hovudsak «snille», for dei finst heilt naturleg i kroppane våre og hjelper til i fordøyingsystemet.

Det er også nokre grupper av E.coli som kan gjere oss sjuke. Dei vanlegaste heiter EHEC, EIEC, EPEC og ETEC.

Dei kan gje tarminfeksjonar med diaré i 4-10 dagar hos vaksne, og noko lengre hos barn. Mange har hatt «turistdiaré», og då er det gjerne ETEC-varianten som har vore på ferde.

Som regel er det ubehageleg, men relativt ufarleg. Nokre former av EHEC kan i sjeldne tilfelle gje alvorleg nyresjukdom, særleg hos barn og eldre. I Norge vert det årleg oppdaga rundt 20 tilfelle av EHEC, der 2-3 får nyrekomplikasjonar.

Kjelde: Folkehelseinstituttet



Blir det auke i gebyr framover?

Norsk Vann har kome med ein fersk rapport som viser at investeringsbehovet på vass- og avløpsanlegg i Noreg er på over 280 milliardar kroner fram til 2040.

Dette vil føre til ein årleg auke på 4% i vass- og avløpsgebyr utanom vanleg prisvekst, men det er svært store forskjellar frå kommune til kommune.

Årsaka til investeringsbehovet er eit stort etterslep på vedlikehald.

- Me har verdas beste drikkevatt i springen, men det har blitt ei sovepute. Kvar år aukar vedlikehaldsetterslepet på vass- og avløpsnettet. I dag går over 30 prosent av vatnet som blir reinsa i vassverka tapt på grunn av lekkasjar. Opprustinga må begynne no. Om ikkje kan prislappen bli enno høgare, seier Toril Hofshagen, direktør i bransjeorganisasjonen Norsk Vann.

Men korleis er dette for Bømlø? Me spør Audun Halleraker, dagleg leiar i BVA. - På Bømlø har me teke mange store oppgraderingar i nettet siste åra, både på vatn og avløpsida. Nokre eksempel er kloakk-

reinsanlegget på Nesse, Bømlapakken og arbeidet med å redusere lekkasjar. Dette har krevd store investeringar. I 2007 vedtok kommunestyret at auken i gebyr maksimalt skulle vere på 5% for vatn og 8% for avløp, inkl. vanleg prisvekst.

Me les i årsrapportane til BVA om gebyrstorleik og finn prisveksten hos statistisk sentralbyrå. Gebyrveksten på Bømlø har i snitt vore nett i overkant av 2% utanom vanleg prisvekst dei siste 14 åra. Største

auken hadde ein i åra 2008-2012 og dei siste fem åra har ein hatt ca 1,3% auke.

«Det er foreslått reduksjon i gebyr for 2018»

I forslaget til gebyr for 2018 er det foreslått ei auke på 2,5% på vatn og ein reduksjon

på 2,5% på avløp. **Sidan avløp er meir kostbart enn vatn fører dette totalt sett til ein reduksjon for dei som er knytt både til offentleg vatn og avløp.** Det er kommunestyret som fastset gebyret frå år til år, etter forslag frå BVA.

Ein har gjort mange viktige grep dei siste åra, men også framover vil det vere behov for god drift, langsiktige investeringar og naudsynte oppgraderingar. Takten og prisen er det dei folkevalgte som bestemmer.





Viergo lagar tre-kassane til bryggeriet



Frå Bømlavatn til bømlaøl

- mikrobryggeriet på Langevåg



«Friskt» tar turen sør på Bømlø, til Langevåg, der me høyrer gjete om at eldsjeler brukar frivillige ressursar på å gjære Bømlavatn om til øl. Frode Urangsæter og Jan Øyvind Gravdal viser oss inn i produksjonslokalet der me får sjå korleis dette foregår i praksis.

Lokalt mikrobryggeri

Det begynte i det små med nokre karar som var interessert i ulike smakar på øl. Fleire og fleire blei del av denne gjengen og no er dei ni menn som har gått saman for å bruke fritida på å dyrke interessa. Nokre av dei var røynde heimebryggerar og hadde prøvd seg på ulike oppskrifter før.

I byrjinga var det mykje prøving og feiling for å finna fram til dei rette, gode smakane. I dag produserer dei fem ulike ølsortar basert på eigne oppskrifter, samt juleøl i sesong.

Pådrivarane er opptatt av at det skal vera eit lokalt bryggeri med ein lokal identitet på Bømlø. Den lokalhistoriske forankringa finn ein i design av logoen som er eit vikingskip, dei norrøne (mytologiske) namna på ølsortane, og namnet på bedrifta, «Bømmeløen bryggerhus».

Kvalitet føre kvantitet

- Dei som brukar nokre ekstra kroner på øl frå mikrobryggeri er ute etter å utvida smakshorizonten, utfordra smaksløkane og nytta smaksopplevingar, seier Frode Urangsæter. Det handlar ikkje om å få effekt av alkoholen, altså.

Bømmeløen Bryggerhus har fokus på at dei gode smakane i råvarene skal koma fram i ølet og nyttar difor berre naturlege råvarer i produksjonen, det er ikkje tilsett kjemikalier i produkta. Det er handlaga øl som det er lagt ned mykje tid i.

Medan dei store produsentane brukar tre-fire dagar på å produsera øl, er det

ingen snarveggar å ta når ein produserer handbrygga øl med naturlege råvarer. Det kan ta opp til tre veker å produsera ølet - og det er før lagring.

Bømlavatn..

...er det beste vatnet å lage øl på meiner Frode og Jan Øyvind. Øl består av om lag 95 prosent vatn, og det er dermed den største råvara. Utan god smak på vatnet får ein ikkje god smak på ølet, seier dei og viser til at BVA sparer dei for mykje arbeid med tanke på kvalitetssikring.

Dei er ofte inne og hentar ut rapportar om vasskvaliteten hos laboratoriet til BVA. Kvaliteten på Bømlavatnet gjer at dei slepp å justere smakane slik mange andre mikrobryggeri må for å få god smak.

I tillegg til å vere ein viktig ingrediens er vatnet ein stor del av produksjonsflyten, både når det gjeld å halde rett temperatur og når ølet skal kjølast ned raskt.

Produksjon og sal

Å laga øl tar tid og krev presisjon i alle ledd. Dei forskjellige typane øl har ulike framgangsmåtar der det er små marginar som gjer at ølet får same smak frå gong til gong.

Temperatur og tid er avgjerande for produksjonen, så dette er ikkje ein hobby der ein kan setja seg ned og slappa av, seier Jan Øyvind. Medan lukta av søt malt spreier seg rundt i lokala fortel han at han har skaffa seg ein app, der han registrerer ulike data for å halde oversikten over alt som skjer og legge ein plan på arbeidet.

Bømmeløen bryggerhus har mange lokale samarbeidspartnarar, som for eksempel Viergo som lagar ølkassane.

Ølet sel dei for det meste til lokale butikkar og restaurantar, men dei har også eige ølutsal og er med på å arrangera ølsmaking med grupper forskjellige stader.

Gjenbruk og miljø er i fokus, så etter at dei har gjort seg ferdig med kornet er det nokre glade grisar, sauer og høner på Meling gardsbutikk som får seg eit skikkeleg festmåltid.



Bli kvitt julafeittet!

Ribbe, pinnekjøtt, smultringar, delfiakake og annan julebakst. Me går inn i ei fantastisk deilig tid på året! Men det har sine konsekvensar. - Korleis skal eg bli kvitt julefeittet, lurar du? BVA har tips! Men det er ikkje slankemetodar me tenkjer på...

For kva gjer du når du står der seint på julafta og skal kvitte deg med feittet etter pinnekjøttmiddagen? Eller første juledag, når svineribba er fortært og det skal ryddast opp?

Kast i alle fall ikkje feittet i vasken! Og heller ikkje i do - som me veit nokon gjer. Det tettar røyr, pumper og avløpssystem. Og det gir rottene eit festmåltid... Rotter i avløpet er heldigvis ikkje noko me opplever ofte på Bømlø, kanskje fordi dei fleste bømlingane er flinke til å kvitte seg med feittet slik dei skal?

Så kva tips har BVA-maskoten Vassbjørn til deg, så du blir kvitt julafeittet?

Når du steikjer middag, så gjer det til ein vane å alltid tørke av steikepanna med kjøkenpapir når du er ferdig. Då er det også lettare å vaske den etterpå.

Etter julamiddagen avkjøler du feittet så det stivnar. Skrap det ut og tørk med kjøkenpapir. Kast feitt og papir i bioavfallet.

Smultringbaking kan gje deg ein stor rest med matfett. Hiv det i bioen, eller hell det i ein mjølkekartong, ha i solsikkefrø, havregryn, mandlar og hasselnøtter og vips så har du julamat til småfuglane! Lag nokre hol i kartongen og stikk i ein pinne dei kan kvile seg på, før du heng det ut.

Større mengder flytande olje heller du i ein tom mjølkekartong, teip den igjen og kast den i restavfallet.

Slik slepp du at avløpsrøyra dine tettar seg og at kloaken begynnar å gå feil vei i jula... (kjelde: fettvett.no)



Er du ein frost-tappar?

Frosttapping er ein gammal metode som ein brukte tidlegare der ein let vatnet drypa eller renna frå utvendige kranar for å unngå at vatnet fraus. I dag er frosttapping verken lov eller nødvendig. Det går enorme mengder vatn til dette i løpet av vinteren, og det blir kostbart for samfunnet.

Me rår dei som har hus med kjellarar å setta ein vifte/varmovn på låg effekt for å halde litt varme. Dei som har tomme hus/fritidsbustader bør sjekka desse, slik at det ikkje oppstår vasslekkasjar som følge av frostsprengning. Steng hovudkran og tapp vatn ut av leidningane. Isolér grunne leidningar, anten med isolermatter eller ved å grave på meir jordmasse.





Foto: Vegard Røslund

Kven skal betala?

I etterkant av førre utgåve av Friskt har det kome inn spørsmål til BVA, særleg om kvar grensene går for det som skal vera den einskilde kunde og BVA sin kostnad.

Både når det gjeld vatn og avløp så har BVA eit hovudleidningsnett i kommunen som den enkelte koplar seg på. Tilkoplingskostnaden er det etter lova den enkelte som må dekkja – slik som når ein legg inn fiber.

«Uforholdsmessig stor kostnad»
Også utviding av hovudleidningsnettet til nye byggjefelt skal bli belasta utbyggjar/huskjøpar. Både ved nybygg og eksisterande byggverk skal kommunen pålegge innbyggjarane å kopla seg på dei offentlege vass- og avløpsnetta, så lenge det ikkje har ein «uforholdsmessig stor kostnad, eller særlege hensyn tilsier det» (Plan- og bygningslova § 27). Kommunestyret har vedteke denne summen til kr 150.000.

Ved kostnad over kr 150.000 kan ikkje kommunen pålegge innbyggjarane å kopla seg på og ein kan finne private ordningar, t.d. bora etter vatn sjølve, og ha annan godkjent avløpsordning. Kostnadane med dette er det innbyggjaren sjølv som skal betala.

Felleskostnader
Årsaka til at BVA ikkje dekkjer tilkoplingskostnadane er at kostnaden då blir delt på alle kundane i kommunen. Fellesskapet får då ei urimeleg auke i gebyr.



Byggjer hus



Skal betala?

Illustrasjon: Shutterstock

Kommunepolitikarane fastset årleg gebyra og BVA må justera investeringar og drift etter det. Om BVA går med «overskot», kan ikkje kommunen ta ut utbytte, men midlane blir låst til å brukast til drift i seinare år.

På denne måten vert det som kundane betaler i gebyr reelt sikra å bli brukt til drift av vatn og avløp på Bømlø. Dette vert kalla sjølvkostprinsippet og er bestemt ved lov.



Foto: Vegard Røslund

Ufrivillig kunde?

Når du skal kjøpe noko kan du som regel velje mellom fleire produkt og leverandørar. Men når det kjem til vatn og avløp, så MÅ du faktisk velje BVA. Finst det eit alternativ til å vere «ufrivillig kunde» hos oss?

Nei, det gjer det ikkje. Bur du i nærleiken av hovudleidningsnettet på Bømlø MÅ du vere kunde. Men kva er alternativet? Og kanskje er dagens ordning til det beste..?

Krav om heilt reint vatn

For å svare på dette, må me spole litt tilbake – for det er nokon som har tatt val på dine vegne. I 1995 kom ei ny føreskrift med strengare krav til reint vatn. På Bømlø var det mange private vassverk, men det blei nesten umogleg å drive vidare utan skikkeleg reinsing og tilsette med spisskompetanse.

Mange av vassverka bad Bømlø kommune om å ta over drifta, noko som vart gjort etter grundige politiske diskusjonar. Etter administrative og politiske vurderingar vart det bestemt at BVA skulle etablerast som aksjeselskap, eigd av kommunen.

Om å ha til salt i vatnet...

Spør du generasjonane før deg, vil nok dei fleste seie at vatnet held betre kvalitet i dag enn før. Med opne kjelder og lite

reinsing kunne det oppstå forskjellige situasjonar. Historier, som naboen som nytta vasskjelda til å bløyta det salte kjøtet sitt, er mange. Som regel var det vatnet som var nærast ein måtte velje. I dag får bømlingane vatn frå dei beste kjeldene.

Betre før?

Små vassverk har høgast førekost av e-coli, kolidforme bakteriar og anna rusk me ikkje vil ha i kroppen. Det er ofte også meir arbeid, lågare driftssikkerheit og meir uføreseielege kostnader i små vassverk.

«Det er ein del bømlingar som ikkje får vere kunde hos BVA, sjølv om dei gjerne vil.»

Ufrivillig ikkje-kunde

Det er ein del bømlingar som ikkje får vere kunde hos BVA, sjølv om dei gjerne vil. Me har område der vass- og avløpsnettet ikkje er bygd ut og det ikkje er høve til å kopla seg på det kommunale nettet. Der må dei ha privat vasskjelde og annan godkjent avløpsordning. Til dømes er Hiskjø, Katla, Vika og Andal ikkje på det offentlege nettet i dag.

For ditt beste

Neste gong fakturaen frå BVA dumpar ned i postkassa di, eller dukkar opp i nettbanken din, heilt utan at du har bede om han, håpar me du veit litt meir om kvifor. At valet som er gjort på dine vegne, er gjort for at du skal ha reinare vatn, mindre arbeid og meir føreseielege kostnader.

Vann-vittig :-)

Ei historie frå verkelegheita:

Rett etter BVA gjekk ut med kokevarsel så ringte telefonen i eitt sett. Dei tilsette svarta både på telefon, facebook og e-post - og det var rimeleg hektisk i mange timar.

Då det roa seg litt, gjekk ein gjeng på pauserommet for å puste ut. Ein av medarbeidarane henta druer ut av kjøleskapet og kva gjorde han? Jo skylte dei i springen..!

- reint og godt vatn er så naturleg for oss! Sjølv timesvis med snakk om kokevarsel er ikkje nok til å «avlære» vanane våre.



Bømlø Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Hollundsaldalen 21
Tlf: 53 42 88 40
Vakt: 53 42 88 45

INFORMASJON

Retur: Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS
Pb 214, 5445 Bremnes



SYNLEG.NO

Foto: Vegard Røslund



friskt

BVA har kontor og lager i Hollundsdaalen. I haust har det blitt laga ny innkjøring og parkeringsplass der miljø-stasjonen var før. **Velkommen innom til BVA!**